

Nye Ålesund kommune  
Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

# Hopehav

**Kartleggingsrapport om  
interkommunalt samarbeid  
og  
eigarskap**

02.05.17

## Innhold

<b>Del 1: Hopehav</b> .....	4
1-1 Oppdraget .....	4
1-2 Interkommunalt samarbeid .....	4
1-3 Om rapporten.....	5
<b>Del 2: Avtalefesta samarbeid</b> .....	6
2-1 Interkommunale selskap – IKS .....	6
2-1-1 Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS .....	7
2-1-2 Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS.....	8
2-1-3 SAHARA (Sandøy/Haram) interkommunale vassverk IKS .....	9
2-1-4 Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS .....	9
2-1-5 Sunnmøre regionråd IKS .....	10
2-1-6 Åknes/Tafjord beredskap IKS.....	11
2-1-7 Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM) .....	12
2-2 Interkommunalt samarbeid med felles styre (§ 27) .....	14
2-2-1 E-kommune Sunnmøre .....	14
2-2-2 Interkommunalt utval mot akutt forureining (RIUA og SIUA) .....	15
2-2-3 Ålesundregionens Havnevesen.....	16
2-3 Overdraging av tariffavtalemynde (§ 28).....	17
2-4 Vertskommunesamarbeid (§§ 28-1a – 28-1k) .....	17
2-4-1 Administrativt vertskommunesamarbeid (§ 28-1b) .....	18
2-4-2 Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (§ 28-1c).....	20
2-5 Forlikråd og politiråd .....	20
2-5-1 Forlikråd.....	20
2-5-2 Politiråd.....	21

2-6 Kommunale føretak – KF (§§ 61 – 75).....	21
2-7 Partnerskap .....	22
2-8 Foreining og lag .....	23
2-9 Kyrkjeleg fellesråd .....	24
2-10 Kjøp og sal av tenester .....	24
2-11 Anna samarbeid om permanente oppgåver .....	26
2-12 Prosjekt og nettverk.....	28
<b>Del 3: Eigarskap .....</b>	<b>29</b>
3-1 Aksjeselskap (AS) og samvirkeføretak (SA) .....	29
3-2 Stiftingar .....	31
<b>Del 4: Samla vurdering .....</b>	<b>32</b>
4-1 Ein ny situasjon .....	32
4-2 Styring og politisk kontroll .....	33
4-2-1 Direkte og indirekte styring .....	34
4-2-2 Høg og låg kontroll.....	34
4-2-3 Kommunestyret har ansvaret .....	34
4-3 Offentlegheit .....	35
4-4 Kriterier for å vurdere samarbeid .....	36
4-5 Sluttord.....	37
Vedlegg.....	37
Nyttige lenkjer .....	37
Sluttkommentar frå arbeidsgruppa.....	38

# Del 1: Hopehav

## 1-1 Oppdraget

Kommunar som har gjort vedtak om å slå seg saman, må skaffe seg oversikt over kva interkommunalt samarbeid kommunane deltek i. Ved å få slik oversikt kan kommunen vurdere kva for samarbeid det er behov for å føre vidare i den nye kommunen. (Jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar (del 1) om formelle rammer for bygging av nye kommunar).

Eitt av måla i intensjonsavtalen om nye Ålesund kommune er at «den nye kommunen skal kunne ta på seg oppgåvene på eiga hand utan interkommunalt samarbeid. På den måten får kommunen betre styring over den enkelte tenesta og kan lettare drive samordning på tvers av tenestene».

Punkt 7 i intensjonsavtalen seier at fellesnemnda for den nye kommunen skal vurdere kva interkommunalt samarbeid som bør bli sagt opp, kva som bør bli oppløyst, og om det er ønskeleg eller nødvendig å inngå samarbeid på nye område.

Med bakgrunn i dette vedtok styringsgruppa for nye Ålesund kommune, i møte 19. januar 2017, følgjande:

*Styringsgruppa for nye Ålesund kommune vedtek å starte kartlegging av dei interkommunale samarbeida som eksisterer i dag.*

*Prosjektkoordinator for nye Ålesund kommune leier arbeidet. Det skal setjast ned ei administrativ arbeidsgruppe bestående av representantar frå kvar kommune til å hjelpe prosjektkoordinator.*

*Rapport frå arbeidet skal leggst fram for styringsgruppa innan utløpet av mai 2017.*

Rådmennene oppnemnte desse som medlemmer til arbeidsgruppa:

- Sally R Bergtun – økonomirådgevar, Sandøy,
- Kristian Skålhavn – ass. rådmann, Skodje,
- Hilde Sørdal – kommunalsjef, Ørskog) og
- Ronny Frekhaug – kommunalsjef, Ålesund.
- Per Langnes – leiar av stab/støtte, Haram (slutta seg til gruppa 28.03.17)

Frå prosjektet nye Ålesund kommune har Anne Berit Strøyva Emblem (prosjektkoordinator) og Tore Hals deltatt. Tore Hals har ført rapporten i pennen.

Arbeidsgruppa hadde sitt første møte 4. februar 2017 og avslutta sitt arbeid 2. mai 2017 ved å legge fram denne rapporten for styringsgruppa.

## 1-2 Interkommunalt samarbeid

Kommunane samarbeider om mangt og mykje på mange ulike vis. Det kan vere sterkt formalisert samarbeid heimla i lov, samarbeid regulert i skriftleg avtalar, uformelt samarbeid, kjøp og sal av tenester, prosjekt, og i nettverk i faste eller lauslege former. Noko samarbeid kan også skje gjennom

oppretting av aksjeselskap, men dette blir ikkje rekna som interkommunalt samarbeid til liks med eksempla ovanfor.

Det interkommunale samarbeidet har utvikla seg i takt med at kommunane har fått stadig nye oppgåver og at kravet til rett kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet har auka. Kommunane har vald å inngå samarbeid med kvarandre fordi dei innser at dei ikkje har tilstrekkeleg kompetanse og/eller kapasitet til å utføre oppgåvene på eiga hand. Dei har også sett at det kan gi økonomiske fordelar; «vi er sterkare saman enn kvar for oss».

Denne rapporten viser at dei fem kommunane har eit omfattande hopehav med kvarandre og/eller med andre kommunar. Arbeidsgruppa har registrert følgjande omfang av samarbeidet:

Kategori	Tal
<b>Samarbeid om permanente oppgåver</b>	32
<b>Kjøp og sal av tenester</b>	20
<b>Administrativt vertskommunesamarbeid</b>	15
<b>Interkommunale selskap (IKS)</b>	7
<b>Felles råd</b>	6
<b>Felles styre</b>	4
<b>Foreining/lag</b>	3
<b>Partnarskap</b>	2
<b>Kommunale føretak (KF) (4 nemnt i rapporten)</b>	1
<b>Sum</b>	<b>90</b>

Tabellen viser talet på ulike samarbeidsordningar innafor dei ulike kategoriane. Talet på ulike oppgåver det blir samarbeidd om er derimot noko lågare. Ei type oppgåve kan nemleg bli løyst gjennom fleire ulike samarbeidsordningar.

Dei fem kommunane har eigarskap i 29 aksjeselskap og 1 samvirkeføretak (SA). Kommunane har vore med på å opprette 20 stiftingar og dei deltek i mange prosjekt og nettverk på tvers av kommunegrensene.

## 1-3 Om rapporten

Denne rapporten er delt inn i fire delar og har eitt vedlegg:

- Del 1 har du no snart lest.
- Del 2 tek for seg avtalefesta samarbeidet. Dette omfattar interkommunale selskap, samarbeid med felles styre, vertskommunesamarbeid (administrativt og med felles nemnd), kommunale føretak, partnarskap, foreining og lag, fellesråd, og kjøp og sal av tenester. Her blir også prosjekt og nettverk nemnt.
- Del 3 tek for seg eigarskap (aksjeselskap, samvirkeføretak og stiftingar).
- Del 4 gir ei samla vurdering (ny situasjon, politisk styring og kontroll, offentlegheit, kriterier for å vurdere samarbeid, og sluttord).
- Vedlegg 1 gir ei samla oversikt over samarbeida.

## Del 2: Avtalefesta samarbeid

### 2-1 Interkommunale selskap – IKS

Eit interkommunalt selskap er eit selskap der alle deltakarane er kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap. Selskapet kan ha rettar, plikter og partsstilling overfor domstol og andre styresmakter. Det er altså snakk om eit sjølvstendig rettssubjekt, jf. lov om interkommunale selskap av 29.01.1999 nr. 6.

Kvar deltakar har eit uavgrensa ansvar for ein prosent- eller brøkdelen av selskapet sine plikter. Denne delen er lik eigardelen den enkelte har, og alle delane skal til saman vere lik dei samla pliktene selskapet har.

For å kunne opprette eit interkommunalt selskap må kvar deltakar slutte seg til ein skriftleg selskapsavtale. Selskapsavtalen må godkjennast av kommunestyret sjølv – kommunestyret kan altså ikkje delegere dette myndet til anna organ i kommunen. Det er også kommunestyret sjølv som må godkjenne eventuell endring av selskapsavtalen (med visse unntak der endring kan bli vedtatt av representantskapet i selskapet), eller vedta å gå ut av selskapet.

Det øvste organet i selskapet er representantskapet. Der er alle deltakarane (eigarane) representert med minst ein person. Kvar deltak vel sin(e) representant(ar) for fire år. Selskapsavtalen kan bestemme kortare valperiode. Kvar deltakar kan når som helst i valperioden bytte ut sine representantar.

Representantskapet vel styre for selskapet. Medlemer i representantskapet og dagleg leiar kan ikkje veljast som styremedlem.

Deltakarane i eit interkommunalt selskap har ingen direkte kontroll over og styring av selskapet. Eigarinteressene kan berre målberast gjennom den enkelte deltakar sine representantar i representantskapet. Selskapsdeltakarane har altså ingen påverknad på styret og dagleg leiar anna enn gjennom det som blir regulert i selskapsavtalen og dei styringane som er lagt til representantskapet. For å kunne påverke selskapet si drift og sine strategiar, krev det altså at deltakarane gjennomfører eit aktivt eigarskap i representantskapet. Men påverknaden vil bli langt mindre enn om kommunen har styringa på eiga hand.

Dei fem kommunane deltek i desse sju interkommunale selskap:

1. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
2. Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS
3. SAHARA (Sandøy/Haram) interkommunale vassverk IKS
4. Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
5. Sunnmøre Regionråd IKS
6. Åknes/Tafjord beredskap IKS
7. Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS

Her følgjer ein summarisk gjennomgang av kvart enkelt interkommunale selskap:

## 2-1-1 Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

Stifta	Stifta 17.07.2000. Registrert i Enhetsregisteret 08.09.2000
Selskapet sitt formål	Arbeide for at arkivmateriale frå medlemene eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.
Deltakarar	Alle kommunane i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune (37 stk.)
Kommunar i nye Ålesund som ikkje er med	Ingen.
Lokalisering	Ålesund.
Eigaradel %	Haram: 2,666, Sandøy: 1,087, Skodje: 1,754, Ørskog: 1.294, Ålesund: 10,141
Representantskapet	Kvar deltakar har 1 representant i representantskapet, uavhengig av eigardel.
Styret	Styret har 5 medlemmer, vald av representantskapet. Dagleg leiar og medlem av representantskapet kan ikkje veljast som styremedlem.
Økonomi	Deltakarane betalar årleg inn midlar til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Grunnlaget for utrekninga av driftstilskotet skal vere folketalet ved siste årsskifte og ein fordelingsnøkkel som blir fastlagt av representantskapet. For deltakarar som ikkje kan leggje folketal til grunn, og for nye deltakarar, skal innskotet fastsetjast av representantskapet.  Innbetaling til IKS-et skjer på grunnlag av eit fast grunnbeløp, eit beløp per innbyggjar og ei depotleige etter talet på hyllemeter gamalt og nytt arkiv. For 2017 skal kommunane betale dette: Haram – 209 328 Sandøy – 152 534 Skodje – 154 316 Ørskog – 98 742 Ålesund – 743 365 Sum – 1 358 285
Oppseiing	Den enkelte deltakar kan skriftleg varsle at den vil gå ut av selskapet med ein frist på minst 1,5 år. Styret må bli varsla om dette innan 1. juli.
Vurdering	Selskapet arbeider med dei historiske arkiva og ikkje dei daglege. Nettopp derfor er det nyttig at kommunane samarbeider gjennom eit slikt selskap. Endringane i kommunestrukturen i fylket blir så omfattande at det vil vere nødvendig å lage ein ny selskapsavtale med nye eigardelar.

## 2-1-2 Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Stifta	23.03.2001. Registrert i Enhetsregisteret 20.02.1995																																			
Selskapet sitt formål	Å styrke revisjonens uavhengighet, kvalitet og effektivitet. Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS har som formål/oppgåve å utføre revisjon i og ha tilsyn med dei deltakande kommunane og andre føretak, der Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS er revisor, i tråd til god kommunal revisjonsskikk og dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter.																																			
Deltakarar	Kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.																																			
Kommunar i nye Ålesund som ikkje er med	Ingen.																																			
Lokalisering	Ålesund.																																			
Eigaradel	Kvar kommune eig 1/13, unntatt Ålesund som eig 2/13.																																			
Representantskapet	Kvar deltakar har 1 medlem, unntatt Ålesund som har 2. Totalt 13.																																			
Styret	Styret har 3 medlemmer. Dagleg leiar og medlem av representantskapet kan ikkje veljast som styremedlem. Den som ikkje kan bli vald til kontrollutval i selskapet sine eigarkommunar, kan heller ikkje veljast inn i selskapet sitt styre.																																			
Økonomi	<p>Pris på rekneskapsrevisjon er sett til kr 800,- per time og kr 1 127,- per time for kontrollutval og forvaltningsrevisjon. I 2017 er kostnadene berekna slik:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Kommune</th> <th>Rekneskapsrevisjon</th> <th>KU-møter</th> <th>F.revisjon</th> <th>Budsjett 2017</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Ålesund</td> <td>1 251 000</td> <td>57 000</td> <td>1 113 000</td> <td>2 421 000</td> </tr> <tr> <td>Haram</td> <td>460 000</td> <td>57 000</td> <td>286 000</td> <td>803 000</td> </tr> <tr> <td>Skodje</td> <td>325 000</td> <td>57 000</td> <td>171 000</td> <td>553 000</td> </tr> <tr> <td>Ørskog</td> <td>285 000</td> <td>57 000</td> <td>171 000</td> <td>513 000</td> </tr> <tr> <td>Sandøy</td> <td>291 000</td> <td>57 000</td> <td>171 000</td> <td>519 000</td> </tr> <tr> <td>Sum</td> <td>2 612 000</td> <td>285 000</td> <td>1 912 000</td> <td>4 809 000</td> </tr> </tbody> </table>	Kommune	Rekneskapsrevisjon	KU-møter	F.revisjon	Budsjett 2017	Ålesund	1 251 000	57 000	1 113 000	2 421 000	Haram	460 000	57 000	286 000	803 000	Skodje	325 000	57 000	171 000	553 000	Ørskog	285 000	57 000	171 000	513 000	Sandøy	291 000	57 000	171 000	519 000	Sum	2 612 000	285 000	1 912 000	4 809 000
Kommune	Rekneskapsrevisjon	KU-møter	F.revisjon	Budsjett 2017																																
Ålesund	1 251 000	57 000	1 113 000	2 421 000																																
Haram	460 000	57 000	286 000	803 000																																
Skodje	325 000	57 000	171 000	553 000																																
Ørskog	285 000	57 000	171 000	513 000																																
Sandøy	291 000	57 000	171 000	519 000																																
Sum	2 612 000	285 000	1 912 000	4 809 000																																
Vurdering	<p>Midsund går saman med Molde og Nesset om nye Molde kommune. Det er da naturleg at Midsund går ut av selskapet .</p> <p>Norddal og Stordal går saman om nye 'Storfjord' kommune og Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund blir nye Ålesund kommune. Dersom desse to nye kommunane vil halde fram i selskapet vil det føre til nye eigardelar.</p> <p>Selskapet sine nye eigarar kan bli Giske, Storfjord, Stranda, Sula, Sykkylven og Ålesund, altså ei halvering frå dagens situasjon. Dette blir så stor endring frå tidlegare eigarskap at det vil krevje nye forhandlingar og selskapsavtalen må rettast for å bli i samsvar med dei nye juridiske deltakarane.</p>																																			



### **2-1-3 SAHARA (Sandøy/Haram) interkommunale vassverk IKS**

Stifta	18.12.2003. Registrert i Enhetsregisteret 20.02.1995.
Selskapet sitt formål	<p>Selskapet sitt føremål er å bygge, eige og drive eit felles vassverk basert på utnytting av Lille og Store Hestevatnet som forsyningskjelde. Dette kan skje i eigen regi eller i samarbeid med andre vassverk.</p> <p>Selskapet skal levere vatn til heile Sandøy kommune og ytre delar av Haram kommune.</p> <p>Etter avgjerd i kommunestyra i eigarkommunane så kan også andre oppgåver og tenester leggst til selskapet.</p>
Deltakarar	Kommunane Haram og Sandøy.
Kommunar i nye Ålesund som ikkje er med	Skodje, Ørskog og Ålesund
Lokalisering	Haram
Eigaradel	Haram: 55,5 – Sandøy: 44,5
Representantskapet	Representantskapet har eitt medlem frå kvar av deltakarane
Styret	Styret har 3 medlemmer. Dagleg leiar og medlemmer av representantskapet kan ikkje veljast som medlemmer i styret.
Økonomi	<p>Vassforbruket i den einskilde kommunen eitt år, dannar grunnlaget for fordelinga av driftskostnadane påfølgjande år. For 2017 er det vassforbruket i 2016 som dannar grunnlaget for fordelinga. Kostnadane er då berekna slik i 2017:</p> <p>Haram kommune – 84,3%: 1.896.800,- (ekskl. mva)</p> <p>Sandøy kommune – 15,7 %: 353.200,- (ekskl. mva.)</p>
Vurdering	Ved at Haram og Sandøy blir del av ein ny, felles kommune, fell grunnlaget for å halde fram med selskapet bort. Eit IKS krev minst to deltakarar. Selskapet må bli oppløyst.

### **2-1-4 Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS**

Stifta	14.02.2005. Registrert i Enhetsregisteret 16.03.2006.
Selskapet sitt formål	Sikre sekretariatstenester til kontrollutvala i deltakarkommunane Kontrollutvalssekretariatet skal drivast i balanse, slik at inntekter frå kommunane dekkjer kostnadane (sjølvkost) Sikre at medlemskommunane vert drivne i samsvar med etablerte prinsipp for god styring og kontroll i offentleg sektor.
Deltakarar	Kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.
Kommunar i nye Ålesund som ikkje er med	Ingen.
Lokalisering	Ålesund.

Eigaradel	Kvar kommune eig 1/13, unntatt Ålesund som eig 2/13
Representantskapet	Kvar deltakar har 1 medlem, unntatt Ålesund som har 2. Totalt 13.
Styret	Styret har 3 medlemer. Dagleg leiar, medlem av representantskapet og medlem av kontrollutvalet i deltakarkommunane, kan ikkje veljast som styremedlem.
Økonomi	Ved etablering av selskapet betalte deltakarane eit samla innskot på kr 250 000 fordelt etter eigardel. IKS-et bereknar og fakturerer deltakarane for sine kostnader berekna ut frå eit grunnbeløp og kalkulert tid. I 2017 er dette berekna slik: Haram 192 087 Sandøy 141 361 Skodje 172 196 Ørskog 134 305 Ålesund 283 174 Sum: 1 023 123 Dersom kontrollutvala vedteke å sette i gang ekstra tiltak, vil kostnadane med dette kunne kome i tillegg.
Vurdering	Midsund går saman med Molde og Nesset om nye Molde kommune. Det er da naturleg at Midsund går ut av selskapet . Norrdal og Stordal går saman om nye 'Storfjord' kommune og Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund blir nye Ålesund kommune. Dersom desse to nye kommunane vil halde fram i selskapet vil det føre til nye eigardelar. Selskapet sine nye eigarar kan bli Giske, Storfjord, Stranda, Sula, Sykkylven og Ålesund og talet på kontrollutval blir redusert frå 12 til 6. Dette blir så stor endring frå tidlegare eigarskap at det vil krevje nye forhandlingar.

## 2-1-5 Sunnmøre regionråd IKS

Stifta	19.12.2001. Registrert i Enhetsregisteret 30.06.2012.
Selskapet sitt formål	Sunnmøre Regionråd er eit felles organ for deltakarkommunane. Selskapet har som målsetting å bidra til ei positiv utvikling i regionene samla og i deltakarkommunane. Selskapet skal vere ein aktiv regional pådrivar med vekt på regional samfunnsutvikling og næringsutvikling og interkommunalt samarbeid. Selskapet skal drive med regional strategiutvikling, vere ein regional utviklingsaktør og fremje saker som utviklar regionen. Sunnmøre Regionråd skal vektlegge offentleg partnerskap og partnerskap mellom kommunar og næringslivet, vere ein arena for samhandling på Sunnmøre med vekt på regional utvikling, nærings- og kompetanseutvikling, regionale rammevilkår og samferdsel og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv, utdanning, helse og andre regionale og statlege styringsorgan.
Deltakarar	Kommunane Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norrdal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, Ørskog, Ørsta og Ålesund.
Kommunar i nye	Ingen.

Ålesund som ikkje er med	
Lokalisering	Ålesund.
Eigaradel	Alle deltakarar har lik eigardel: 1/17
Representantskapet	Ordførarane i deltakarkommunane utgjer representantskapet i selskapet. Rådmennene har møte- og talerett. Vedtak blir gjort med 2/3 fleirtal av dei frammøtte. Val skje ved vanleg fleirtal.
Styret	Styret har 7 medlemmer. Dagleg leiar og medlemmer av representantskapet kan ikkje bli valde som styremedlemmer.
Økonomi	Deltakarane betalar inn eit årleg tilskott basert på folketalet i kvar kommune. Summen blir fastset av representantskapet.  I 2017 vil kommunane i nye Ålesund betale inn slikt innskot: Haram – 164 000 Sandøy – 23 000 Skodje – 83 000 Ørskog – 41 000 Ålesund – 835 000 Sum – 1 146 000
Vurdering	Dei 19 eigarane blir redusert til 14 etter at to nye kommunar er på plass (fem blir til ein, og to blir til ein). I tillegg blir ein av eigarane større (Volda og Hornindal går saman i ein ny kommune). Desse endringane er ikkje så stor at grunnlaget for å halde fram med selskapet fell bort. Selskapet bør halde fram, men det er nødvendig å endre selskapsavtalen slik at den blir i samsvar med dei nye juridiske deltakarane.

### **2-1-6 Åknes/Taffjord beredskap IKS**

Stifta	12.08.2008. Registrert i Enhetsregisteret 12.03.2009.
Selskapet sitt formål	Drive og vedlikehalde varslingsystem for skred i alle deltakarkommunane. Selskapet skal og gje eigarkommunane bistand til utarbeiding av kommunale beredskapsplaner utan særskilt betaling frå deltakarkommunane.
Deltakarar	Kommunane, Norddal, Rauma, Stordal, Stranda, Sykkylven, Ørskog, Ørsta og Ålesund, og Møre og Romsdal fylkeskommune.
Kommunar i nye Ålesund som ikkje er med	Haram og Sandøy. Skodje vurderer å bli med
Lokalisering	Stranda.
Eigaradel	Kvar av dei 9 deltakarane har ein eigardel på 11,11 %.
Representantskapet	Kvar deltakar har eitt medlem, totalt 9. Medlemene blir valde for 4 år.
Styret	Styret har 5 medlemmer. Kommunar der skreda ligg bør vere med i styret. Medlemmer i representantskapet og dagleg leiar kan ikkje vere styremedlem.
Økonomi	Deltakarane har ei innskotsplikt på kr 2.677.500 fordelt med 297.500 på kvar.

	<p>Deltakarane har plikt til å dekkje selskapet sine årlege driftsutgifter ut frå eigardel og vedtatt budsjett for selskapet. Tilskott frå stat og/eller sal av tenester kjem i fråtrekk frå deltakarane sine innbetalingar.</p> <p>I 2016 betalte kommunane i nye Ålesund slik:  Ørskog – 348 400 (240 000 budsjett for 2017)  Ålesund – 348 000 (368 000 budsjettet for 2017)</p>
Vurdering	<p>Da selskapet vart etablert, var ein viktig del å overvake farlege fjellparti med høg risiko for store steinras. Denne oppgåva er blitt tatt over av staten. Oppgåva som selskapet no har er å utvikle og drifte varslingsystem når alarmer for ras eller når rasfaren er overhangande stor. Dessutan kan selskapet hjelpe kommunane med å utarbeide beredskapsplanar.</p> <p>Kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å ha beredskapsplanar og å handle når faresituasjon oppstår. Derfor må kommunane ha gode tekniske løysingar og rutinar for varsling. Dette gjeld ikkje berre ras. Fellesnemnda bør vurdere framtidig deltaking i Åknes/Tafjord beredskap IKS i lys av dette.</p>

### **2-1-7 Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM)**

Stifta	<b>12.02.2009. Registrert i Enhetsregisteret 17.03.2010.</b>
Selskapet sitt formål	<p>Utføre kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål. Selskapet skal legge vekt på miljøvenleg drift i alle ledd i avfallsbehandlringa. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap, eller private næringsdrivande. Gje eit tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljø-messig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg. Selskapet skal vere eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvenleg avfallsbehandling. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vere eigar eller medeigar i andre selskap. Utføre eventuelle andre oppgåver som kommunane er samde om at selskapet skal utføre.</p>
Deltakarar	Kommunane Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes, Ørskog og Ålesund
Kommunar i nye Ålesund som ikkje er med	Ingen.
Lokalisering	Ålesund.
Eigaradel	Eigardelen blir justert kvart fjerde år etter innbyggartal ved årsskiftet 2011/2012, 2015/2016 osv. Per 01.01.16:

	Haram: 8,954 – Sandøy: 1,236 – Skodje: 4,496 – Ørskog: 2,248 – Ålesund: 45,496
Representantskapet	Talet på representantar er regulert ut frå den prosentvise delen kvar deltakar har av det samla innbyggartalet for deltakarkommunane: Mindre enn 10 % = 1 (Haram, Sandøy, Skodje og Ørskog) 10 – 20 = 2 20 – 30 = 3 30 – 40 = 4 40 – 100 = 5 (Ålesund)
Styret	Styret har 7 medlemmer vald av representantskapet. Dagleg leiar og medlemmer av representantskapet kan ikkje bli vald som styremedlemmer. Får selskapet fleire enn 30 tilsette har tillitsvalde rett til plass i styret og talet på medlemmer blir auka tilsvarende.
Økonomi	Eigenkapitalen er kr. 500 000. Innskot av eigenkapital skal skje i høve til kommunane sin eigardel, slik denne er fastlagd i § 5. Selskapet skal drivast slik at det ikkje er avhengig av tilskot frå kommunane utover eigenkapitalen, og selskapet skal ikkje gje utbyte til eigarane. Selskapet har høve til å ta opp lån til kapitalføremål og konvertering av eldre gjeld innanfor ei ramme for samla låneopptak på kr. 100 mill. Vedtak om låneopptak krev godkjenning av departementet.  For dei tenestene der kostnaden skal delast likt på innbyggjarane i selskapsområdet, betalar kommunane a-kontosummar kvart kvartal etter rekning frå selskapet. Summen for kvar kommune vert fastlagd på grunnlag av vedteke budsjett og talet på innbyggjarar 1. januar.  Skodje og Sandøy kommune har overført alle oppgåver innan avfall og slam til ÅRIM, det vil seie at abonnentar i desse to kommunane får faktura direkte frå ÅRIM. Kommunane ikkje har såleis ikkje noko oppgjer med ÅRIM.  Dei andre kommunane fakturerer sine abonnentar sjølv og betalar ÅRIM for tenester som blir utført for kommunen. Desse tenestene kan vere ulike frå kommune til kommune. For 2017 vil Haram betale ca. 9,2 mill., Ørskog ca. 2,5 mill. og Ålesund ca. 32 mill.
Vurdering	Norddal og Stordal går saman om nye 'Storfjord' kommune og Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund blir nye Ålesund kommune. Dersom desse to nye kommunane vil halde fram i selskapet vil det føre til nye eigardelar. Selskapet sine nye eigarar kan bli Giske, Storfjord, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes og Ålesund. Dette blir så stor endring frå tidlegare eigarskap at det krev nye forhandlingar. Etter gjeldande selskapsavtale vil nye Ålesund få 5 representantar i representantskapet medan dei andre til saman vil få 6. Nye Ålesund vil bli i mindretal i det øvste organet, men får ein eigardel, og dermed eit økonomisk ansvar, på 62,43 prosent.

## 2-2 Interkommunalt samarbeid med felles styre (§ 27)

Med heimel i kommunelova § 27 kan to eller fleire kommunar, to eller fleire fylkeskommunar, og ein eller fleire kommunar og ein eller fleire fylkeskommunar kan opprette eit felles styre for å løyse felles oppgåver. Det er kommunestyret eller fylkestinget sjølv som gjer vedtak om å gå inn i eit slikt samarbeid.

Departementet kan gi pålegg om å opprette slikt felles styre.

Eit slikt samarbeid krev at det blir oppretta vedtekter for styret der deltakarane sine plikter og styret sitt ansvar og mynde blir regulert. Dette betyr at det er gjennom vedtektene kommunane kan styre det felles styret.

Dei fem kommunane har, saman med kvarandre eller med andre ,fire felles styre:

Namn/oppgåve	Lokalisering	Samarbeidskommunar
<b>E-kommune Sunnmøre</b>	Ålesund	Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Sula, Ørskog og Ålesund
<b>IUA Romsdal (akutt forureining)</b>	Molde	Aukra, Fræna, Midsund, Molde, Nettet, Rauma, Sandøy og Vestnes
<b>IUA Sunnmøre (akutt forureining)</b>	Ålesund	Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Ørskog, Ørsta og Ålesund
<b>Ålesundregionens Havnevesen</b>	Ålesund	Giske, Haram, Sula og Ålesund

Her følgjer ein summarisk gjennomgang av kvart felles styre:

### 2-2-1 E-kommune Sunnmøre

Stifta	01.01.2016. Registrert i Enhetsregisteret 03.03.2016.
Oppgåve	Formålet med eKommune Sunnmøre er å møte felles IKT-utfordringar for deltakarane gjennom innkjøp, implementering og drift av felles løysingar som tek vare på kommunane sine IKT behov, imøtekjem myndigheitskrav og gjev innbyggjarane tilgang til døgnopne kommunale tenester. Samarbeidet skal gje høgare kvalitet på tenestene til ein lågare pris enn om ein ikkje samarbeider.
Deltakarar	Kommunane Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Sula, Ørskog og Ålesund
Kommunar i nye Ålesund som ikkje er med	Ingen.
Lokalisering	Ålesund.
Eigaradel	Giske – 10,45 Haram – 11,62 Norddal – 5,21

	Sandøy – 4,86 Skodje – 7,55 Sula – 11,21 Ørskog 5,74 Ålesund -43,34
Styret	Rådmennene i kvar kommune
Økonomi	Fordelingsnøkkel: 70 % etter innbyggartal, 30 % likt for kvar deltakar.
Vurdering	E-kommune Sunnmøre er organisert på to ulike måtar: éin del av samarbeidet blir styrt gjennom felles styre etter kommuneloven § 27 (strategi), medan ein annan del blir styrt gjennom administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven § 28-1b (drift). Ei slik organisering kan verke komplisert. Norddal går saman med Stordal i nye Storfjord kommune medan Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund blir nye Ålesund. Dette fører til at dei 8 blir til 4 kommunar. Nye Ålesund får altså 3 samarbeidspartar. Dette gir grunnlag for å vurdere om felles styre er ei hensiktsmessig samarbeidsform.

### ***2-2-2 Interkommunalt utval mot akutt forureining (RIUA og SIUA)***

Stifta	RIUA: Registrert i Enhetsregisteret 06.03.1996. SIUA: Ikkje registrert
Oppgåve	Interkommunalt samarbeid for å sikre at medlemskommunane har eit effektivt reaksjonsapparat i tilfelle akutt forureining og i samsvar med vilkåra i forureiningsloven. Kommunen/interkommunal beredskapsregion har beredskaps- og aksjonsplikt for utslepp av petroleumsprodukt frå fiskefarty i hamnebasenget ut til 4 nautiske mil, og utslepp frå biltransport
Deltakarar	RIUA: Aukra, Fræna, Midsund, Molde, Nettet, Rauma, Sandøy og Vestnes SIUA: Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Ørskog, Ørsta og Ålesund
Kommunar i nye Ålesund som ikkje er med	Ingen, men Sandøy er med i Romsdal og dei andre i Sunnmøre
Lokalisering	RIUA: Molde SIUA: Ålesund
Ansvar	Kommunane sitt mynde etter forureiningslova § 47 er delegert til representantskapet med høve til vidare delegering til styret eller brannsjefen.
Representantskap/Styre	SIUA: Samarbeidet oppretta med felles styre etter kommuneloven § 27. Vedtektene fastset at samarbeidet skal vere leia av eit representantskap med 1 medlem frå kvar kommune (17). Representantskapet vel eit styre på 8 medlemmer der 4 er faste: Brannsjefen og hamnesjefen(-fogden) i vertskommunen (Ålesund), politimeisteren på Sunnmøre og 1 vald blant beredskapspliktig industri. Dei 4 andre blir vald med 1 frå kvar av 4 kommunegrupper. Ørskog høyrer til gruppe 3 saman med Norddal,

	<p>Stordal og Stranda. Haram og Skodje høyrer til gruppe 4 saman med Giske og Sula.</p> <p>Brannsjefen i Ålesund er styreleiar og dagleg leiar.</p>
Økonomi	<p>Kvar deltakarkommune betaler inn ei årleg avgift for å dekkje drift og mindre investeringar. Avgifta er basert på ein fast sum (kr. 18 390 i 2017) pluss kr. 5 per innbyggjar i kommunen.</p> <p>Kvar kommune pliktar å stille med innsatspersonell og ha arbeidsgjevaransvar for desse.</p> <p>Vertskommunen stiller med leiar, nestleiar og sekretær for styret og administrerer samarbeidet. I tillegg skal vertskommunen stille med spesialutdanna personell til hjelp i større aksjonar og stille med beredskapsrom ved større og tidkrevjande aksjonar.</p>
Vurdering	<p>Interkommunalt samarbeid om beredskap mot akutt forureining er i dag ei frivillig ordning. Det er no snakk om å gjere dette til ei plikt ved å ta det inn som eit krav i forureiningsforskrifta kapittel 18A. Dersom det kjem slik plikt, må samarbeidet bli organisert i samsvar med det som blir fastsett i forskrifta. Dersom det ikkje blir slik plikt, må samarbeidsavtalen bli justert i tråd med den nye kommunestrukturen og dei nye juridiske einingane som no kjem til.</p> <p>Fellesnemnda bør vurdere om det kan vere hensiktsmessig at deler av den nye kommunen kan delta i samarbeid utanfor eigen kommune.</p>

### 2-2-3 Ålesundregionens Havnevesen

<b>Stifta</b>	<b>Registrert i Enhetsregisteret 03.01.2005.</b>
<b>Styret si oppgåve</b>	Drift av hamner og kalianlegg. Utøve kommunane sitt ansvar med forvaltning og drift av farvatn og trafikk etter hamne- og farvasslova.
<b>Deltakarar</b>	Giske, Haram, Sula og Ålesund
<b>Kommunar i nye Ålesund som ikkje er med</b>	Sandøy, Skodje og Ørskog.
<b>Lokalisering</b>	Ålesund.
<b>Hamnerådet</b>	<p>Samarbeidet har vald å føre vidare organiseringa slik den var etter den førre hamne- og farvasslova der havnevesenet skulle ha eit hamneråd og eit styre. Kommuneloven § 27, som dette samarbeidet er heimla i, opererer ikkje med eit hamneråd, berre eit styre, men det er likevel vald å føre vidare den gamle ordninga.</p> <p>Deltakarane har slik representasjon i hamnerådet:</p> <p>Giske - 1 Haram - 1 Sula - 1 Ålesund - 5</p>
<b>Styret</b>	Styret skal ha 5 – 7 medlemmer. Hamnerådet avgjer kor mange og vel medlemene. Minst eitt medlem skal veljast frå Giske, Haram eller Sula.
<b>Økonomi</b>	Hamevesenet dekkjer sine kostnader gjennom brukarbetaling (rundt 40 %) og andre sals- og leigeinntekter (rundt 60 %).
<b>Vurdering</b>	Endringa i kommunestrukturen fører til at dei hamnene og farvatna som



dagens hamnevesen administrerer og driftar, blir sterkt utvida ved at sjøområda til dagens Sandøy, Skodje og Ørskog kjem med. Dette fører til at dagens samarbeidsavtale må bli vurdert på nytt. Fellesnemnda bør vurdere kva konsekvensar den nye situasjonen vil føre til for den kommunale hamna i Sandøy. Denne blir i dag blir drifta av I P Huse.

## 2-3 Overdraging av tariffavtalemynde (§ 28)

Kommunestyret kan sjølv gi ei samanslutning av kommunar fullmakt til inngå eller seie opp tariffavtalar, og å gi eller ta imot kollektiv arbeidsoppseiing på vegne av kommunen (kommuneloven § 28). Ingen av kommunane Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund har gått inn i nokon slik samanslutning.

## 2-4 Vertskommunesamarbeid (§§ 28-1a – 28-1k)

Med heimel i kommuneloven kan ein kommune gi ein annan kommune (vertskommune) høve til å gjennomføre lovpålagte oppgåver, og delegere til vertskommunen å utøve offentleg mynde på sine vegne så sant dette ikkje er i strid med aktuell lov. Kommuneloven regulerer slikt samarbeid gjennom paragrafane 28-1a – 28-1k.

Slikt samarbeid kan skje på to ulike måtar: Som **administrativt vertskommunesamarbeid** (pkt. 2-4-1 nedanfor), og som **vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd** (pkt. 2-4-2 nedanfor).

Vertskommunesamarbeid krev ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyra sjølv vedtek avtalen. Det same gjeld endring av avtalen.

Folkevalde organ i vertskommunen har ikkje mynde til å gi instruks eller gjere om vedtak som rådmannen eller den felles nemnda i vertskommunen har gjort på vegne av samarbeidskommunen. Derimot har samarbeidskommunen mynde til å instruere vertskommunen i korleis arbeidet skal utførast i saker som *åleine* gjeld samarbeidskommunen eller innbyggerane i samarbeidskommunen.

Samarbeidskommunen har mynde til å gjere om eit vedtak vertskommunen har gjort etter delegert mynde, slik det går fram av paragraf 35, første ledd, i forvaltningsloven.

Oppløysing eller det å gå ut av avtalen kan skje straks dersom partane er samde om det. Elles gjeld ei oppseiingstid på eitt år om ikkje anna frist er avtalt mellom deltakarane.

Kommuneloven har reglar om behandling av klage på vedtak gjort i eit vertskommunesamarbeid, om krav om lovlegkontroll, om statleg kontroll av vertskommunen, og at kontrollutvalet i vertskommunen har mynde etter kommuneloven paragraf 77 nr. 1, utan omsyn til at kommunestyret i vertskommunen har avgrensa mynde etter kommuneloven paragrafane 28-1b nr. 4 og 28-1c nr. 6.

## 2-4-1 Administrativt vertskommunesamarbeid (§ 28-1b)

Ein kommune (samarbeidskommune) kan inngå avtale med ein annan kommune (vertskommune) om at vertskommunen skal utføre oppgåver og gjere vedtak etter delegert mynde frå samarbeidskommunen i enkeltsaker eller type av saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Delegasjon av slikt mynde skjer ved at kommunestyret sjølv gir instruks til sin rådmann om delegasjon til rådmannen i vertskommunen.

Dei fem kommunane deltek seg imellom eller saman med andre i 15 administrative vertskommunesamarbeid:

Oppgåve	Vert	Samarbeidskommune
<b>Arbeidsgjevarkontroll (kemner)</b>	Ålesund	Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Volda, Ørskog og Ørsta
<b>Barnevern (Storfjord barnevern) <sup>1</sup></b>	Skodje	Norrdal, Stordal og Ørskog
<b>Brannvern <sup>2</sup></b>	Ålesund	Haram, Giske, Norddal, Skodje, Stordal, Sula og Ørskog
<b>IT drift (E-kommune Sunnmøre) <sup>3</sup></b>	Ålesund	Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Sula og Ørskog
<b>Krisesenter</b>	Ålesund	Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Ørskog og Ørsta
<b>Landbrukskontor <sup>1</sup></b>	Haram	Giske og Sandøy
<b>Landbrukskontor (Nordre Sunnmøre landbrukskontor) <sup>1</sup></b>	Ørskog	Skodje, Stordal, Sula og Ålesund
<b>Legevakt (helg og kveld 1)</b>	Ørskog	Norrdal, Stordal og Vestnes
<b>Legevakt (helg og kveld 2)</b>	Ålesund	Haram, Skodje og Sula
<b>Legevakt (natt)</b>	Ålesund	Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Vestnes og Ørskog
<b>Legevakt (naud-nett)</b>	Ålesund	Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes og Ørskog
<b>NAV (Storfjorden)</b>	Skodje	Norrdal, Stordal og Ørskog
<b>Overgrepsmottak <sup>4</sup></b>	Ålesund	Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein og Ørskog
<b>PPT (Storfjorden)</b>	Ørskog	Norrdal, Skodje og Stordal
<b>Skatteinnkrevjing (kemner)</b>	Ålesund	Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Sykkylven og Ørskog

<sup>1</sup> Sjå også kjøp og sal

<sup>2</sup> Gjeld brannvern, opplæring og øving, tilsyn av særskilt brannobjekt, enklare vedlikehald, og hjelp til innkjøp. Sjå også kjøp og sal.

<sup>3</sup> Sjå også felles styre

<sup>4</sup> Økonomisk ansvar: Helse Møre og Romsdal

Dei fem kommunane deltek altså til saman i 15 administrative vertskommunesamarbeid. I ni av desse samarbeida er Ålesund vertskommune. Ørskog er vertskommune i tre, Skodje i to og Haram i eitt

samarbeid. Dette betyr at for alle samarbeida som dei fem kommunane i dag deltek i, er vertskommunen ein av dei same fem kommunane.

#### **Vurdering:**

- **Barnevern** er ei oppgåve nye Ålesund kan ta på seg fullt og heilt på eigen kjøp utan interkommunalt samarbeid. Storfjorden barnevern må bli oppløyst i si noverande form. Spørsmålet blir om 'Storfjord' (Norrdal/Stordal) vil drive sitt eige barnevern eller om den nye kommunen ønskjer å samarbeide med andre. Fellesnemnda for nye Ålesund bør ta stilling til om kommunen skal gi tilbod om å vere vertskommune for 'Storfjord'.
- **Brannvern** er ei oppgåve nye Ålesund kan ta på seg fullt og heilt på eigen kjøp utan interkommunalt samarbeid. Vertskommunesamarbeidet kan halde fram ved at nye Ålesund blir vertskommune for Giske, 'Storfjord' og Sula – dersom desse kommunane har behov for slikt samarbeid.
- **IT** er ei oppgåve nye Ålesund kan ta på seg fullt og heilt på eigen kjøp utan behov for interkommunalt samarbeid. Dagens åtte samarbeidskommunar blir redusert til fire. Fellesnemnda bør da vurdere om dagens interkommunale samarbeid med to-delt organisering med a) felles styre (strategi og utvikling) og b) administrativt vertskommunesamarbeid (drift) er hensiktsmessig sett frå den nye kommunen si side, og om den nye kommunen skal tilby å halde fram som vertskommune.
- **Kemner** er ei oppgåve nye Ålesund kan ta på seg fullt og heilt på eigen kjøp utan behov for interkommunalt samarbeid. I dag omfattar samarbeidet to deler av kemner-oppgåvene. Ikkje alle samarbeidskommunane er med på begge tenestene. 17 kommunar samarbeider om arbeidsgjevarkontrollen medan 9 også samarbeider om skatteinnkrevjing. Dei 17 kommunane blir no redusert til 11. Dei 9 kommunane blir redusert til 4. Desse endringane krev ei grundig gjennomgang av samarbeidet og kor tenleg det er for vertskommunen å administrere to ulike samarbeidsordningar innafør eitt tenesteområde.
- Ålesund er i dag administrativt vertskommune både for **krisesenter** og **overgrepsmottak**. 18 kommunar samarbeider om krisesenteret medan 14 av desse samarbeider også om overgrepsmottaket. Desse tenestene er av ein slik karakter at det kan vere tenleg å organisere dei gjennom interkommunalt samarbeid sjølv om det blir endringar i kommunestrukturen. Fellesnemnda bør ta ein grundig gjennomgang av denne problemstillinga.
- **Landbrukskontor**: Haram er i dag administrativ vertskommune for Giske og Sandøy. Ørskog er administrativ vertskommune for Skodje, Stordal, Sula og Ålesund. Dessutan kjøper Ørskog nokre landbrukstenester frå Haram. Endringa i kommunestrukturen fører til at desse ordningane må ta slutt og eventuelt erstattast av noko anna. Det er vel lite tenleg at nye Ålesund har to landbrukskontor. Når Stordal går saman med Norrdal – som i dag har eige landbrukskontor – er det naturleg å tru at 'Storfjord' vel å tilby landbrukstenestene frå sitt eige kontor. Dermed står Giske og Sula att aleine. Spørsmålet blir da om nye Ålesund skal tilby å vere vertskommune for desse to kommunane. Fellesnemnda må vurdere dette og kvar landbrukskontoret skal vere lokalisert.

- **Legevakt** er ei oppgåve nye Ålesund kan ta på seg fullt og heilt på eigen kjøp utan behov for interkommunalt samarbeid. I dag er legevaktssamarbeidet svært fragmentert der nokon samarbeider om vakt på natt og helg (Ørskog er vertskommune for Norddal, Stordal og Vestnes) og Ålesund er vertskommune for Haram, Skodje og Sula. I tillegg er Ålesund vertskommune for natt-legevakta (for 9 kommunar) og for naudnettet (10 kommunar). Sandøy samarbeider med Aukra og Midsund, men har sjukehuset på Åse som sitt nær-sjukehus. Desse ulike samarbeidsformene med ulike deltakarar er svært krevjande å administrere og bør ta slutt. Fellesnemnda må sette i gang eit grundig arbeid med å finne fram til gode og tenlege legevakttenester internt i nye Ålesund og om kommunen skal tilby samarbeid med andre kommunar og på kva vilkår.
- **NAV** Storfjorden og **PPT** Storfjorden må ta slutt i si noverande form. To av dei samarbeidande kommunane går inn i nye Ålesund medan dei to andre går inn 'Storfjord' kommune. Nye Ålesund vil kunne ta på seg desse oppgåvene fullt og heilt på eigen kjøp utan behov for interkommunalt samarbeid. Fellesnemnda må sette i gang eit grundig arbeid for å finne fram til gode og tenlege løysingar for NAV- og PPT-tenestene i den nye kommunen og om det kan vere aktuelt å tilby vertskommunesamarbeid med andre kommunar.

## **2-4-2 Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (§ 28-1c)**

Kommunar som deltek i eit vertskommunesamarbeid, kan vedta å opprette ei felles folkevald nemnd i vertskommunen. Deltakarkommunane kan gjere vedtak om å delegere mynde til nemnda i saker som også er av prinsipiell karakter. Dette skjer ved at kommunestyra sjølv delegerer same kompetanse til nemnda. Nemnda kan så delegere mynde til administrasjonen i vertskommunen til å gjere vedtak i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Kommunane Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund **deltek ikkje** i noko vertskommunesamarbeid med **felles folkevald nemnd** etter reglane i kommuneloven.

## **2-5 Forliksråd og politiråd**

### **2-5-1 Forliksråd**

Kvar kommune skal ha eit forliksråd (domstolloven § 27). Med samtykke frå departementet kan kommunestyret bestemme at forliksrådet skal ha to eller fleire avdelingar. Kommunane si rolle er elles avgrensa til å velje medlemmer til forliksrådet og eventuelle avdelingar. Etter at valet er gjennomført, har kommunen ikkje noko å gjere med arbeidet i forliksrådet.

I lensmannsdistrikt er lensmannen sekretariat for forliksrådet. I namsfogddistrikt er namsmannen sekretariat. I politistasjonsdistrikt med sivile rettspleieoppgåver er politistasjonen sekretariat.

Kommunar som har same sekretariat for forliksrådet og som dessutan ligg i same domssokn, kan bestemme at dei skal ha felles forliksråd. Slikt vedtak krev minst 2/3 fleirtal i kvart kommunestyre .

Skodje og Ørskog har vald å ha eit felles forliksråd med Stordal. Sandøy har vald å ha felles forliksråd med Aukra og Midsund. Haram og Ålesund har begge eigne forliksråd.

**Vurdering:**

Når den nye kommunen er på plass, vil det vere naturleg at Skodje og Ørskog går ut av ordninga med felles forliksråd med Stordal, og at Sandøy går ut av samarbeidet med Aukra og Midsund. Det som kan komplisere dette bildet er den interne organiseringa av politidistriktet. Slik det er lagt opp til no, vil nye Ålesund bli delt mellom ulike kontor i politidistriktet. Fellesnemnda må ta dette opp med politimeisteren for å få avklart korleis den nye politireforma vil påverke organiseringa av framtidige forliksråd. Fellesnemnda må også ta stilling til om nye Ålesund skal ha eit forliksråd med eller utan fleire avdelingar.

## **2-5-2 Politiråd**

Politiråd er eit formalisert samarbeid mellom lokalt politi og kommunane der målet er å hjelpe til med samhandling om kriminalitetsførebyggjande arbeid og tryggleik i lokalsamfunnet. Dette er eit frivillig tiltak som fleire kommunar tek del i.

Dei fem kommunane deltek i tre felles politiråd:

- Giske, Sula og Ålesund har felles politiråd saman med Sunnmøre politistasjon.
- Aukra, Midsund og Sandøy har felles politiråd saman med Sund lensmannskontor.
- Skodje, Stordal og Ørskog har felles politiråd saman med Ørskog lensmannskontor.

Haram er åleine om politiråd saman med Haram lensmannskontor.

**Vurdering:**

Frå 1. januar 2018 blir det ny organisering av politiet med mellom anna endring av lensmannsdistrikt. Dette fører til at det vil bli endring i samansettinga av politiråda. Når dei nye kommunane er på plass frå 1. januar 2020 vil det truleg kunne bety enno ei ny ordning for politiråda. Fellesnemnda bør ta desse problemstillingane opp med politimeisteren i god tid før nye Ålesund blir operativ.

## **2-6 Kommunale føretak – KF (§§ 61 – 75)**

Eit kommunalt føretak er ei intern organisasjonsform kommunestyret sjølv kan vedta å ta i bruk. Føretaket er såleis ikkje eit eige rettssubjekt. Det er kommunen åleine som står ansvarleg for føretaket sine gjeremål. Eit føretak kan dermed ikkje reknast som eit interkommunalt samarbeid.

Kommuneloven kapittel 11 regulerer korleis eit føretak skal skipast, kva mynde føretaket sitt styre har og kan få, kva saker kommunestyret skal behandle, forholdet til kommunen sin administrasjon og føretaket sin representasjon med omsyn til inngåing av avtalar. Føretaket må ha vedtekter godkjent av kommunestyret sjølv.

Haram kommune har oppretta eitt føretak: Ingebrigt Davik-huset KF. Ålesund har oppretta tre føretak: Møre og Romsdal 110-sentral KF, Ålesund brannvesen KF, Ålesund kommunale eiendom KF. Dei andre kommunane har ikkje egne føretak.

**110-sentralen** er på ein måte blitt eit interkommunalt samarbeid. Dette er ein sentral for naudnummer 110 som omfattar alle kommunane i fylket. Kommunane deltek i finansieringa av sentralen og er representert i styret gjennom at dei tre regionråda vel medlemmer på vegne av kommunane i den enkelte region med tillegg av éin frå Ålesund kommune.

#### Vurdering:

- Ålesund har eige **eigedomsføretak** med ansvar for dei fleste eigedomane (grunn og bygningar) i kommune medan dei andre ikkje har slike eigedomsføretak. **Fellesnemnda må vurdere om den nye kommunen skal ha slikt eigedomsføretak eller ikkje.**
- **Ingebrigt Davik-huset** er ikkje eit eigedomsføretak, men eit føretak som skal fylle kulturhuset med aktivitet. **Det vil ikkje by på spesielle problem å halde fram med dette føretaket.**
- Berre Ålesund har **brannføretak**. 'Brannvesenet' har sine spesielle oppgåver som det kan vere tenleg å drifte gjennom eit føretak. **Det vil ikkje by på spesielle problem å halde fram med eit brannføretak også i den nye kommunen.**
- **110-sentralen** har vore lokalisert til hovudbrannstasjonen i Ålesund, men skal no flytte og bli lokalisert saman med politiet sitt naudnummer 112. I kva grad slik flytting vil påverke organisasjonsforma med KF, må bli avklart ganske snart. Endringane i kommunestrukturen i Møre og Romsdal fører til konsekvensar for vedtektene for føretaket sjølv om naudmeldingsnummeret framleis skulle bli organisert som KF. **Fellesnemnda bør vurdere om det er hensiktsmessig at sentralen er organisert som eit kommunalt føretak, IKS eller som vertskommunesamarbeid.**

## 2-7 Partnerskap

Ein partnerskap er eit forpliktande samarbeid mellom fleire kommunar. Partnerskapen skil seg til ein viss grad frå samarbeid som blir omtala i punkt 2-11 nedanfor ved at partnerskapen også kan omfatte private aktørar, fylkeskommunen og/eller statlege organ. I nokre høve der det er berre kommunar og fylkeskommunen samarbeider, blir det definert som 'samarbeid' i andre høve som 'partnerskap'.

Det er registrert to partnerskap:

Namn	Deltakarar (nye Ålesund)	Andre
<b>ALV Møre og Romsdal</b>	Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund	Ope for kommunane i Møre og Romsdal å delta
<b>God Helse</b>	Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund	Ope for kommunane i Møre og Romsdal å delta

**ALV** – arena for læring og velferdsteknologi (ALV Møre og Romsdal) – er ein partnerskap utvikla mellom Høgskulen i Ålesund og Ålesund kommune i 2013. Partnerskapen vart frå 2016 utvida til å bli eit tilbod for kommunar i heile fylket. ALV samarbeider med NAV (Hjelpemiddelsentralen), KomUT, Helse Møre og Romsdal, leverandørar, brukarorganisasjonar og sponsorar.

Formålet med ALV-Møre og Romsdal er å byggje og dele kunnskap omkring velferdsteknologi gjennom tverrfagleg samhandling i organisasjonane og tverrfagleg samhandling mellom ulike samfunnsaktørar. Kunnskapen skal ha effekt for innbyggjar, kommunar og høgskulen.

For innbyggjarar vil arbeidet i ALV bidra til:

- Betra livskvalitet gjennom sjølvstende, fridom, tryggleik og aktivitet på alle arenaer.

For kommunane vil arbeidet i ALV bidra til:

- Å bygge bestillerkompetanse på velferdsteknologiske løysingar.
- Å bygge kunnskap til å implementere velferdsteknologi i tenestane.
- Kunnskap om tenleg organisering av tenesta for å få god effekt ut av velferdsteknologien.
- Opplæring av tilsette.

**God Helse** er eit samarbeid om utvikling av folkehelsa i kommunane. Alle kommunane i fylket har deltatt i ein partnerskapsavtale med fylkeskommunen i perioden 2013 – 2016. Fylkeskommunen har gitt tilbod til kommunane om å inngå ny avtale fram til 2019. Bykommunane Kristiansund, Molde og Ålesund får eit årleg tilskott frå fylket på kr. 150 000 kvar, dei andre kommunane får kr. 125 000. Kommunane har tatt, eller vil snart ta stilling til om dei vil inngå ny avtale.

## 2-8 Foreining og lag

Kommunane har vald å vere medlem i to typar foreiningar og lag: Reiseliv og friluftsliv:

Organisasjon	Kommunar i nye Ålesund	Andre kommunar
<b>Destinasjon Ålesund &amp; Sunnmøre</b>	Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund	Giske, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, og Ørsta
<b>Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal</b>	Sandøy	Kommunar på Nordmøre og i Romsdal
<b>Sunnmøre Friluftsråd</b>	Haram, Skodje, Ørskog og Ålesund	Giske, Norddal, Stordal, Stranda, Sula og Vestnes

### Vurdering:

Det er vel gode grunnar til å halde fram som medlem i både Destinasjon Ålesund & Sunnmøre og Sunnmøre Friluftsråd.

Når Sandøy blir del av den nye kommunen, vil det vere naturleg å gå ut av Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal.

## 2-9 Kyrkjeleg fellesråd

I kvar kommune skal det vere eit kyrkjeleg fellesråd med to medlemmer frå kvart av sokneråda i kommunen, eitt vald av kommunen, og ein prost eller annan prest vald av biskopen. Er det fleire enn fem sokn i kommunen, skal kvart av dei ha eitt medlem.

Skodje og Ørskog har saman med Norddal, Stordal og Stranda danna Storfjorden kyrkjelege fellesråd og kommunane har derfor ikkje eigne fellesråd.

Kommunen er ansvarleg for å stille midlar til disposisjon for

- bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer,
- utgifter for anlegg og drift av gravplassar og krematorium,
- utgifter til stilling for kyrkjetenar, klokklar og organist eller kantor, og dagleg leiar av fellesrådet,
- driftsutgifter til fellesrådet og sokneråda,
- utgifter til lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring, og
- utgifter for kontorhald for prestar.

Status i dag:

	Haram	Sandøy	Skodje	Ørskog	Ålesund	Nye Ålesund
<b>Sokn</b>	5	1	1	1	5	13
<b>Kyrkjer</b>	6	2	1	1	6	16
<b>Gravplassar</b>	9	4	1	1	6	21
<b>Urnelundar</b>	0	0	0	0	1 <sup>1</sup>	1
<b>Krematorium</b>	0	0	0	0	1	1

<sup>1</sup> Frå sommaren 2017

### Vurdering:

Fellesnemnda må få avklart med Kyrkja om det vil vere naturleg at sokna i Skodje og Ørskog går ut av Storfjorden kyrkjelege fellesråd og i staden blir med i fellesrådet for den nye kommunen.

## 2-10 Kjøp og sal av tenester

På ein del områder har kommunane kome fram til at det er enklare å kjøpe tenester frå andre kommunar i staden for å etablere eigne samarbeidsavtalar eller å opprette eigne selskap. Dette blir som oftast gjort når kjøparen manglar kompetanse eller kapasitet til å utføre oppgåva på eiga hand og der det i liten grad er behov for politisk styring av samarbeidet.

I nokre tilfelle er ei teneste organisert på ulike måtar, slik som:

- Vassforsyning: Ålesund sel vatn til Giske og Sula medan Haram og Sandøy har etablert eit interkommunalt selskap for vassforsyninga til Nordøyane.
- Vaksenopplæring: Det er to ordningar med kjøp og sal.



- Landbrukskontor: Giske, Sandøy og Ørskog kjøper tenester frå Haram, medan Skodje, Ørskog og Ålesund har eit vertskommunesamarbeid saman med Stordal og Sula. Der er Ørskog vertskommune.

Tabellen under viser at dei fem kommunane kjøper og sel relativt mange oppgåver seg i mellom og mellom andre kommunar. Nemninga 'pålagt oppgåve' blir brukt for å indikere at kommunen har ansvar for at tenesta finst, men treng ikkje utføre den i eigen regi. Der det står *Nei* betyr det at kommunen ikkje er pålagt akkurat denne delen av tenesta. Der det står *Ja* har kommunen eit klart ansvar. Der det står *Ja og Nei* betyr det at kommunen skal sjå til at tilbodet finst, men treng ikkje utføre oppgåva sjølv.

Kjøp/sal av	Pålagt oppgåve	Seljar	Kjøpar
Barnebustad	Nei	Haram	Sandøy
Barnevern (advokat)	Ja	Ålesund	Giske, Herøy, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sykkylven og Ørskog
Brannførebyggande arbeid	Ja	Ålesund	Hornindal, Sandøy, Skodje, Sykkylven og Ørskog
Brannsjef	Ja	Ålesund	Giske og Haram
Brannvesen – opplæring og kurs	Ja	Ålesund	Arrangerer lokale, regionale og nasjonale kurs opne for alle kommunar
Demens – dag-tilbod	Nei	Ålesund	Giske og Haram
Feiing og tilsyn	Ja	Ålesund	Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal og Sula
Grunnskoleopplæring	Ja	Sandøy	Haram (elevar frå Fjørtofta)
Kulturskule – lærarar	Ja og Nei	Ålesund	Norddal og Sula
Kulturskule – lærarar	Ja og Nei	Giske	Ålesund
Landbrukskontor <sup>1</sup>	Ja	Haram	Nordre Sunnmøre landbrukskontor
Landbrukskontor <sup>1</sup>	Ja	Ørskog	Norddal og Søre Sunnmøre landbrukskontor
Risikoavfall – henting	Ja	RIR <sup>2</sup>	Sandøy
Teknisk hygienisk ingeniør	Ja	Ålesund	Haram
Tilsyn særskilt brannobjekt	Ja	Ålesund	Hornindal, Sykkylven og Sandøy
Vaksenopplæring	Ja	Ørskog	Skodje
Vaksenopplæring	Ja	Ålesund	Giske, Haram, Skodje, Sula og Sykkylven
Vassforsyning – levering av vatn <sup>3</sup>	Ja og Nei	Ålesund	Giske og Sula
Vassforsyning – ulike tenester (vassprøvar, trykkprøvar, søk etter lekkasje, TV-inspeksjon mv.) <sup>4</sup>	Ja og Nei	Ålesund	Haram, Hareid, Herøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Volda og Ørskog
Økonomitenester	Ja	Ålesund	Sandøy. Tidvis til andre kommunar

<sup>1</sup>Sjå også vertskommune: Nordre Sunnmøre landbrukskontor

<sup>2</sup>Romsdalsøya interkommunale renovasjonsselskap

<sup>3</sup> Sjå også IKS: SAHARA

<sup>4</sup> Tenestene blir kjøpt etter varierende behov år for år avhengig av eige mannskap og tilstand på eige nett

### Vurdering:

Før nye Ålesund er på plass bør fellesnemnda sjå nøye på kjøp og sal av tenester opp mot andre samarbeidsformer slik som interkommunale selskap og vertskommunesamarbeid. Kanskje kan det vere meir tenleg at enkelte selskap og vertskommunesamarbeid bli erstatta med kjøp og sal av tenester. Fellesnemnda bør også vurdere kostnadane for kommunen med å administrere kjøp og sal.

## 2-11 Anna samarbeid om permanente oppgåver

I tillegg til samarbeid gjennom interkommunale selskap, felles styre, administrativt vertskommunesamarbeid, foreiningar og lag og partnerskap, deltek dei fem kommunane i mange andre samarbeid som gjeld permanente oppgåver.

Nokre oppgåver som arbeidsgruppa har registrert som samarbeid kan ha eit snev av kjøp og sal i seg. Ved 'kjøp og sal' er det snakk om ei oppgåve som seljaren utfører utan at kjøparen blandar seg inn i utføringa så lenge den blir utført i samsvar med avtalen. Ved 'samarbeid' er partane meir aktive og kan dermed påverke utføringa av oppgåva. I nokre høve dekkjer kvar part sin del av kostnadane. I andre høve kan ein part få eit litt større ansvar og ber kostnadene mot at den eller dei andre refunderer for sin del av kostnadane.

Tabellen nedanfor viser 33 samarbeid om permanente oppgåver:

Samarbeid om	Skriftleg avtale	Deltakarar
Alternativ opplæring – elevar ved vidaregåande skule	Ja	Fylkeskommunen, Kristiansund, Ålesund ('Broen') og to AS.
Beredskap – planverk	Nei	Sandøy og Skodje
Beredskap – ROS-analyse, dsb-cim, planar, mv. <sup>1</sup>	Nei	Giske, Haram, Sula og Ålesund
Byggsak	Nei	Sandøy og Skodje
Feiing og tilsyn	Ja	Vestnes og Ørskog
Grunnskule – eksamen, munnleg		Giske, Haram, Sandøy, Skodje, Sula og Ålesund
Grunnskule – eksamen		Norddal, Stordal, Stranda, Sykkylven og Ørskog
HOPPID-kontor <sup>2</sup>	Ja	Skodje, Sula og Ålesund (avtale med ÅKP)
HOPPID-kontor	Ja	Sandøy har eigen avtale med Ålesund kunnskapsark
Innkjøp	Ja	Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, Ørskog, Ørsta og Ålesund
Kartportal <sup>3</sup>	Nei	Giske, Haram, Sandøy, Skodje, Sula, Ørskog og

Samarbeid om	Skriftleg avtale	Deltakarar
		Ålesund
Kulturskule – Møremusikarstillingar	Ja	Ålesund og Fylkeskommunen
Legevakt <sup>4</sup>	Ja	Aukra, Midsund og Sandøy
Legevaktformidling	Ja	Sandøy og Molde sjukehus
Nordre Sunnmøre vassområde <sup>5</sup>	Ja	Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund
Opplæringskontor – lærlingar		Haram og Sandøy (med tillegg av private bedrifter)
Opplæringskontor – lærlingar		Skodje og Ålesund
Planstrategi		Under etablering
Region Ålesund	Ja	Giske, Haram, Sandøy, Skodje, Sula, Ørskog og Ålesund
Resipientundersøkingar	Ja	Molde, Sula og Ålesund
Romsdal vassområde <sup>5</sup>	Ja	Haram, Sandøy og kommunar i Romsdal
Samfunnsmedisin	Ja	Haram og Ålesund
Sløkke-avtale <sup>6</sup>	Ja	Sula og Ålesund
Tenner for livet		Sandøy og fylkeskommunen
Tilsyn barnehagar		Stordal og Ørskog
Tilsyn barnehagar		Giske, Haram og Sula
Tilsyn barnehagar		Sandøy får utført tilsyn frå Giske, Haram og Sula
Val – skanning	Nei	Haram, Sula og Ålesund
Veterinæravtalt <sup>7</sup>	Ja	Giske, Haram (deler), Stranda (deler), Sula, Sykkylven og Ålesund
Veterinæravtalt <sup>8</sup>	Ja	Haram (deler) og Sandøy
Veterinæravtalt <sup>9</sup>	Ja	Haram (deler), Norddal, Skodje, Stordal, Stranda (deler) og Ørskog
Øyriket i Romsdal	Ja	Sandøy og kommunar i Romsdal
Ålesund lokalmedisinske senter (Augeblikkeleg hjelp døgnopphald) <sup>10</sup>	Ja	Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Sula, Vestnes, Ørskog og Ålesund

<sup>1</sup> Sjå også nettverk

<sup>2</sup> Utførar: Ålesund kunnskapspark

<sup>3</sup> Samarbeid utvikla gjennom E-kommune Sunnmøre. Det tekniske og praktiske blir utført av Ålesund

<sup>4</sup> Sjå også administrativt vertskommunesamarbeid

<sup>5</sup> Fylkeskommunen har forvaltningsansvaret

<sup>6</sup> Avtale om sløkking ved brann i austre del av Sula (ca. 3 000 innbyggjarar)

<sup>7</sup> Kommunalt ansvar, statleg styrt. Administrert av Stranda

<sup>8</sup> Kommunalt ansvar, statleg styrt. Administrert av Haram

<sup>9</sup> Kommunalt ansvar, statleg styrt. Administrert av Ørskog

<sup>10</sup> Legevakta og overgrepsmottaket held også til i dette senteret

### Vurdering:

Endringa i kommunestrukturen vil få konsekvensar for desse samarbeida.

Noko **fell bort** fordi samarbeidande kommunar blir ein del av nye Ålesund og samarbeidet blir erstatta av intern organisering. Eksempel:

- Beredskap – planverk
- Byggsak

- Opplæringsontor – lærlingar
- Samfunnsmedisin

Nokre samarbeid **kan kanskje bli erstatta** av 'kjøp og sal' fordi dei fleste av samarbeidskommunane blir del av den nye kommunen. Eksempel:

- Augeblikkeleg hjelp døgnopphald
- Kartportal

Oppgåver som kommunane i dag løyser på ulike måtar, slik som legevakt, landbrukskontor og fleire, må vurderast nøye med tanke på å få til ein effektiv og smidig organisasjon med mest mogleg direkte styring og så høg politisk kontroll som råd.

Nokre samarbeid **bør bli ført vidare**, slik som 'Region Ålesund'.

**Veterinærvakt**-avtalane er fireårlege og nye avtalar skal etter planen vere på plass til hausten 2017. I den samanheng bør nok dei vaktordningane som gjeld i dag bli vurdert opp mot den situasjonen som vil oppstå med nye kommunar (nye Ålesund og 'Storfjord').

## 2-12 Prosjekt og nettverk

Kommunane deltek i fleire prosjekt som går over kortare eller lengre periodar, men som ikkje er av permanent karakter. Dei fleste av desse går i regi av Sunnmøre Regionråd, altså det interkommunale selskapet dei fem kommune er deltakarar i. Eksempel på prosjekt som er i gang eller avslutta, er:

- Digitalt verktøy i skule og barnehage
- Energi- og klimaplanar
- Energimerking
- Etter- og vidareutdanning for lærarar
- Innovasjonsstudium
- Samarbeid skule og næringsliv
- Ungdomstrinnet i utvikling
- Ungt entreprenørskap

Kommunane deltek også i ulike nettverk og forum i både organiserte og uorganiserte former.

Eksempel på slike nettverk:

- Beredskapsforum
- Fagleg forum for formannskapssekretærar
- Planforum
- Valforum
- Vassforum

### Vurdering:

Det vil vere svært aktuelt for den nye kommunen å delta i prosjekt saman med andre. Prosjekt som gjeld utprøving av nye arbeidsmetodar og utvikling av nye tenester for innbyggjarane bør kommunen alltid vere open for å vere med på saman med andre kommunar. Nettverk og forum er nyttige for å utveksle erfaringar, idear og for å få påfyll utanfrå – og dermed styrkje arbeidet i kvardagen. Den nye kommunen bør vere aktiv deltakar i slike samlingar.

## Del 3: Eigarskap

### 3-1 Aksjeselskap (AS) og samvirkeføretak (SA)

Dei fem kommunane er medeigarar i mange ulike aksjeselskap. Eigarskapet varierer sterkt, frå 0,01 prosent (Ørskog sine eigardelar i Nordøyvegen og i Hareid Fastlandsamband) til 100 prosent (Haram tre, Sandøy to og Ålesund tre). Aksjeselskapa blir ikkje rekna som interkommunalt samarbeid, men det ligg ofte ein samarbeidstanke bak når avgjerda om å kjøpe aksjar – eller delta i stiftinga av selskapet – blir tatt.

Når dei fem kommunane blir til ein ny, får det konsekvensar for aksjane som dei 'gamle' kommunane eig. Aksjelova har vilkår om å skaffe seg aksjar og for eigarskifte:

- For å skaffe seg aksjar i AS-et, må selskapet gi samtykkje med mindre det ikkje går fram av vedtektene at slikt samtykkje ikkje er nødvendig (§4-15 andre ledd).
- Aksjeeigarane har rett til å ta over aksjar som skiftar eigar, med mindre anna ikkje er fastsett i vedtektene (§4-15 tredje ledd og § 4-19 første ledd).

Desse reglane gjeld likevel ikkje når aksjar skiftar frå ein kommune til ein annan kommune når dette skjer som følgje av samanslåing eller deling med heimel i inndelingslova (inndelingslova, § 16b). Dette betyr at dei aksjane dei fem kommunane har kvar for seg, blir ført over til den nye kommunen utan at selskapa skal godkjenne det eller at andre aksjeeigarar kan krevje forkjøpsrett.

Eksempel: Ålesund eig i dag 50,09 % av aksjane i Tafjord Kraft og Ørskog eig 2,50. Nye Ålesund kommune vil dermed eige 52,59 av aksjane i selskapet.

Ein kommune kan engasjere seg i eit aksjeselskap av fleire grunnar: Éin grunn er forretningsmessige formål. Eksempel på dette er Tafjord Kraft og Ålesund kommunes administrasjonsbygg. Ein annan grunn er samfunnsansvar. Eksempel på dette er Brisk, Muritunet og selskap som blir etablert for å realisere samferdsleprosjekt.

Tafjord Kraft, Sandøy Energi og Ørskog Energi er eksempel på selskap som kommunane går inn i ut frå både forretningsmessige og samfunnsmessige omsyn.

I nokre høve er ein kommune eineigar av selskapet. Selskapet er da skipa for å løyse oppgåver for kommunen sjølv. Eksempel: Ålesund Parkering.

Aksjeselskapa dei fem kommunane har aksjar i, går fram av følgjande tabell:

Eigardel i prosent								
Selskap	Stifta	Reg. <sup>1</sup>	Haram	Sandøy	Skodje	Ørskog	Ålesund	Nye Ålesund
Brattvåg tannlegekotor AS	08.07.99	03.11.99	100,00	0	0	0	0	100,00
Haram Bygdebok AS	10.04.07	04.06.07	100,00	0	0	0	0	100,00
Haram Industri AS	28.06.93	20.02.95	100,00	0	0	0	0	100,00
Sandøy Energi AS	11.07.97	01.07.97	0	100,00	0	0	0	100,00
Vekst Ålesund AS	14.08.90	20.02.95	0	0	0	0	100,00	100,00
Øyvon AS	11.05.09	18.06.09	0	100,00	0	0	0	100,00
Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS	16.04.75	19.12.95	0	0	0	0	100,00	100,00
Ålesund Parkering AS	18.11.77	19.02.95	0	0	0	0	100,00	100,00
AS Nordøyvegen	16.10.87	19.02.95	43,16	41,54	0,03	0,01	0,07	84,82
Ørskog Energi AS	15.04.00	26.05.00	0	0	48,70	31,30	0	80,00
Tafjord Kraft AS	15.09.96	12.09.96	0	0	0	2,50	50,09	52,59
Håp i havet eigedom AS	12.01.06	04.02.06	0	51,00	0	0	0	51,00
Løvsøy Industrihus AS	05.10.03	24.01.04	37,48	0	0	0	0	37,38
Brisk kompetansesenter AS	24.06.68	19.02.95	0	0	0	0	31,25	31,25
Åkp AS	19.11.99	17.02.00	2,40	0	0	1,20	16,77	20,37
Hamnsundsambandet AS	15.10.08	11.12.08	10,53	0	0	0	10,53	21,06
Eksportvegen AS (tidlegare Tresfjordbrua AS)	21.11.88	19.02.95	0,28	0	0	0,28	16,95	17,51
Møreaksen AS	29.10.86	19.02.95	7,21	0,09	0,01	0	7,46	14,77
Møre og Romsdal Såkornfond AS	23.04.07	28.04.07	8,32	0	0	0	0	8,32
AS Regionteateret i Møre og Romsdal (Teateret Vårt)	30.05.75	12.03.95	0	0	0	0	8,00	8,00
NMK Eiendom AS	19.03.10	23.03.10	5,18	0	0	0	0	5,18
Muritunet AS	04.07.91	20.02.95	0,70	0,20	0,52	0,17	3,35	4,94
Hareid fastlandsamband AS	21.03.86	19.12.95	0,48	0,13	0,26	0,01	2,83	3,71
Visit Nordmøre og Romsdal AS	18.12.03	19.04.04	0	1,67	0	0	0	1,67
Storfjordsambandet AS	01.04.87	19.02.95	0	0	0,33	0,07	0,99	1,39
Samspleis AS	20.09.04	18.11.04	0	1,13	0	0	0	1,13
Rovdefjordsambandet AS	20.01.11	19.03.11	0	0	0	0	1,07	1,07
Rekom AS	28.01.98	02.02.98	0	0	0	0	0,96	0,96
Astero AS	28.08.69	19.02.95	0	0,75	0	0	0	0,75
Biblioteksentralen SA <sup>2</sup>	04.02.52	13.03.95	*	*	*	*	*	-

<sup>1</sup> Registrert i Enhetsregisteret

<sup>2</sup> Samvirkeforetak (SA) \* 34 kommunar i Møre og Romsdal er medlemmer (2015). Alle dei fem kommunane i nye Ålesund er medlemmer. Kvar kommune betalar inn ein deltakardel, à kr. 300, for kvar 1 200 innbyggjar i kommunen. Det offisielle innbyggartalet på tidspunktet for innmelding blir lagt til grunn.

### Vurdering:

Dersom det er aktuelt for dei fem kommunane å engasjere seg i nye aksjeselskap eller samvirkeføretak før den nye kommunen er på plass, bør dette bli lagt fram for fellesnemnda til vurdering og uttale før avgjerda blir tatt.

Inntil den nye kommunen er på plass, vil eigarskapsmeldingane i dagens kommunar vere styrande for korleis eigarskapet skal utøvast. Fellesnemnda bør gå gjennom eigarskapsmeldingane for å sjå om kommunane har like strategiar for same selskap eller om det er motstridande interesser. Nemnda bør med utgangspunkt i dette legge fram forslag til eigarskapsmelding for den nye kommunen.

## 3-2 Stiftingar

«Med stiftelse forstås en formuesverdi som ved testament, gave eller annen rettslig disposisjon selvstendig er stilt til rådighet for et bestemt formål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annen art. En rettsdannelse som oppfylder vilkårene i første punktum, er en stiftelse etter denne loven, uavhengig av om den er betegnet som legat, institusjon, fond eller annet.» (Stiftelsesloven § 2).

«Når stiftelsen er opprettet, jf. § 2, har oppretteren ikke lenger rådighet over formuesverdien som er overført til stiftelsen.» (Stiftelsesloven § 3).

Når kommunen går inn for å opprette ei stifting, gir altså kommunen frå seg fullt og heilt styringa av den oppgåva stiftinga er sett til å styre. Sjølv om stiftinga sine vedtekter seier at kommunen skal velje medlemmer til styret i stiftinga, kan ikkje kommunen pålegge dei valde å følgje kommunen sin vilje. Styremedlemene skal berre halde seg til vedtektene for stiftinga.

Kommunane i nye Ålesund har vore med på å opprette følgjande stiftingar:

Stifting	Kommunar med som opprettar
Haram kulturfond Aker Brattvåg	Haram
Hauatunet bustadstiftelse	Haram
Hellandshamn bustadstifting	Haram
Sandøy bustadstiftelse	Sandøy
Selnesvågen bustadstiftelse	Haram
Stiftelsen Hamnsund aldersboliger	Haram
Stiftelsen Haramsøy aldersbustader	Haram
Stiftelsen Haugen terrasse	Haram
Stiftelsen Kulturkvartalet	Ålesund
Stiftelsen Sjømanns kvile	Ålesund
Stiftelsen Øyatun	Haram
Stiftelsen Ålesund utleieboliger	Ålesund
Stiftinga Austnes aldersbustader	Haram
Stiftinga Fjellheim aldersbustader	Haram
Stiftinga Lepsøy aldersbustader	Haram
Stiftinga Vatne aldersbustader	Haram
Stiftelsen Miljøfyrtårn	Haram og Ålesund + ti andre kommunar utanfor Møre og Romsdal
Vatne Tennfjord bustadstifting	Haram

Stifting	Kommunar med som opprettar
Vollen bustadstiftelse	Haram
Ålesund kommunes fond for ferie- og tritidstiltak for funksjonshemmet- og miljøtruet barn og ungdom	Ålesund

Kommunane har ein relasjon til fleire stiftingar enn dei som er med i tabellen ovanfor. Det kan vere oppgåve med å velje medlem(er) til styret og/eller å gi årlege driftsmidlar. Eksempel på dette er Romsdalsmuseet og Sunnmøre museum. Desse er museum for regionkommunane, men ingen av kommunane har vore med å opprette stiftingane.

#### Vurdering:

Ei stifting eig seg sjølv og stiftaren eller stiftarane har ingen styringsrett etter at stiftinga er på plass. Derfor må kommunen ikkje velje denne organisasjonsforma for å løyse oppgåver kommunen vil ha så direkte styring av og så høg kontroll med som mogleg.

Dersom nye Ålesund ønskjer å få råderett over aktiviteten i ein eller fleire av desse stiftingane, må kommunen sette i gang prosessen med å oppløse stiftinga. Ei oppløsing er ein omfattande og krevjande prosess. Stiftelsesloven har klare og detaljerte reglar om dette og det er ikkje gitt at Stiftelsestilsynet vil godkjenne oppløsing av stiftinga.

## Del 4: Samla vurdering

### 4-1 Ein ny situasjon

Ein ny kommune blir ei ny juridisk eining. Dette betyr at inngåtte avtalar blir ugyldige frå det tidspunkt den nye kommunen blir operativ. Dette gjeld både interkommunale samarbeidsavtalar og innkjøpsavtalar. Dei interkommunale samarbeidsavtalane kan altså ikkje førast vidare slik dei er i dag.

*«Kommunar og fylkeskommunar som er med i interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27, lov om interkommunale selskap eller kommunal særlovgiving, kan innan eitt år frå iverksetjing av ei grenseending seie opp deltakarforholdet sitt med ein frist på seks månader. Innan den same fristen kan også kvar av partane krevje at vedtektene for samarbeidet eller selskapsavtalen blir vurderte på nytt. Reglane i kommunelova § 27 om å gå ut av interkommunalt samarbeid og reglane i lov om interkommunale selskap § 30 om å gå ut av interkommunale selskap, gjeld elles tilsvarende i slike tilfelle» (inndelingslova § 16).*

Overgangen til ein ny kommune krev at behovet for vidare interkommunalt samarbeid blir grundig vurdert. Omfanget av det interkommunale samarbeidet, og kva det skal samarbeidast om, vil ha mykje å seie for korleis den interne organiseringa av den nye kommunen kan bli. Derfor må samarbeidet bli avklart parallelt med arbeidet med organiseringa av nye Ålesund.



## 4-2 Styring og politisk kontroll


Eitt av måla med ny kommunestruktur er å styrkje lokaldemokratiet. Viktige berebjarar for dette er medverknad frå innbyggjarane og at eigen kommune har direkte styring og høg politisk kontroll over oppgåver og plikter som kommunen er tillagt ansvaret for.

Regjeringa skriv følgjande i St.prp. 96 S (2016-2017) i kapittel 2, kriterier for god kommunestruktur, side 15:

### «9. Lokal politisk styring

*Det er avgjørende for lokal politisk styring at den kommunale administrasjonen har nødvendig kompetanse og kapasitet til å utarbeide gode beslutningsgrunnlag for de folkevalgte. Kommunene bør ha mulighet for en hensiktsmessig lokal organisering og prioritering, og ikke være nødt til å organisere sin tjenesteproduksjon i interkommunale ordninger for å levere lovpålagte velferdstjenester.»*

Kommunen kan velje å løyse sine oppgåver åleine, saman med andre eller la andre utføre oppgåvene på kommunen sine vegne. Figuren under, henta frå KS (kommunane sin interesseorganisasjon), illustrerer grad av politisk styring slik:



### **4-2-1 Direkte og indirekte styring**

Figuren viser at kommunestyret og kommunen åleine har direkte styring på eigen driftsorganisasjon og egne føretak (KF). Vertskommunesamarbeid gir også ein viss kontroll, men eit slikt samarbeid krev forpliktande avtale med samarbeidskommunen eller -kommunane. Dess fleire som deltek i samarbeidet, dess vanskelegare blir det å gjere endringar fordi det krev semje mellom alle partar.

Samarbeid med felles styre (kommunelova § 27) kan vere eit forvaltningsorgan og det kan vere eit eige rettssubjekt, alt etter kva styret skal drive med og får mynde til. I begge høva blir den direkte styringa svakka.

Interkommunale selskap (IKS), samverkeføretak (SA) og aksjeselskap (AS) er egne rettssubjekt som gir kommunen indirekte styring. Her er styringa avgrensa til påverknad i representantskapet (IKS), generalforsamlinga (AS) og årsmøtet (SA). Dess fleire deltakarar dess mindre styring på selskapet har den enkelte deltakar. Eigarane eller deltakarane har ingen formell styring av styra i selskapa.

Verksemder som utfører oppdrag på vegne av kommunen (konkurransetsetting), gjer det på bakgrunn av inngått kontrakt. Det er berre dersom verksemda bryt vilkåra i kontrakten at kommunen kan gripe inn. Reglane for kontraktar har strenge vilkår for endring. Det skal lite til for at ei endring fører til at oppdraget må lysast ut for nye anbud. For å kunne lyse oppdraget ut på nytt, eller krevje å ta over oppdraget sjølv, må kommunen vere trygg på at kontrakten er broten. Slike saker kan lett hamne i forliksrådet eller annan rettsinstans.

Ei stifting eig seg sjølv. Etter at stiftinga er etablert, er stiftaren og alle andre kopla heilt frå og har ingen styring over verksemda. Da er det vedtektene og styret som råd, og ingen andre.

### **4-2-2 Høg og låg kontroll**

Direkte styring gir høg kontroll. Indirekte styring gir låg kontroll. Kommunen sjølv har høg kontroll over eigen organisasjon, medrekna egne føretak. Vertskommunesamarbeid er ikkje til hinder for at samarbeidskommunen har høg kontroll på dei oppgåvene som gjeld samarbeidskommunen åleine, men i mange høve er det lett for at samarbeidskommunen ikkje engasjerer seg i vertskommunen si utøving av samarbeidet. Med lite engasjement blir det tilsvarande liten kontroll.

Alle organisasjonsformer til høgre for den vertikale streken i figuren ovanfor, gir låg kontroll over oppgåvene. Kontrollen blir svekt dess lengre til høgre vi kjem. Eit unntak her er AS der kommunen eig alle aksjane. Kommunen har full kontroll over generalforsamlinga i selskap som kommunen eig fullt ut. Dermed er det full kontroll over kven som blir valt som styremedlemer. Styremedlemer som ikkje gjer jobben slik eigaren ønskjer, kan bli kasta anten i ordinær eller ekstraordinær generalforsamling.

### **4-2-3 Kommunestyret har ansvaret**

Ansvaret for at oppgåvene som er lagt til kommune, blir løyst, ligg alltid til kommunestyret. Dette gjeld både i dei høva kommunen delegerer myndet til anna folkevalt organ i kommunen, til rådmannen, eller set arbeidet bort til interkommunalt selskap, AS eller andre organ. Oppgåver som blir delegert internt i kommunen, har kommunestyret full kontroll over ved at delegasjonen når som

helst kan trekkjast tilbake. Oppgåver som blir sett bort til eksterne har kommunestyret svak eller ingen styring og kontroll over. For å få full kontroll krev det til dels omfattande og kompliserte prosessar for å endre inngåtte avtalar eller seie opp kontraktar.

Så godt som alt interkommunalt samarbeid der det er inngått skriftlege avtalar, har også økonomiske plikter for deltakarane. Desse pliktene er gjensidig forpliktande. På den måten 'låser' samarbeidsavtalane den enkelte kommune sin økonomi og det kan derfor vere tidkrevjande og utfordrande å gjere endringar, men ikkje umogleg. Dess fleire samarbeid og dess større økonomiske plikter som er knytt opp i det enkelte samarbeid, dess mindre styring får kommunen over eigen økonomi.

Med andre ord: Dei kommunale kjerne-oppgåvene som det er ønskjeleg og viktig å ha direkte styring og sterk politisk kontroll med, bør ikkje bli utført gjennom interkommunalt samarbeid eller ved bruk av sjølvstendige rettssubjekt. For oppgåver der behovet for direkte styring og sterk kontroll er lite, kan det vere både ønskjeleg og nyttig å løyse gjennom samarbeid. Omfanget av slikt samarbeid må likevel ikkje bli stå stort at det svekkjer kommunen si styring og kontroll med kommuneøkonomien samla sett. Samarbeidet bør heller ikkje bli så omfattande at det skugar for heilskapen og legg hindringar for fleksibiliteten på tvers av oppgåvene.

Direkte styring med sterk politisk kontroll krev tydelege og presise reglar og rutinar for rapportering og tilsyn. Men reglar og prosedyrar er ikkje nok i seg sjølv. Dei må bli følgd lojalt opp i kvart ledd i organisasjonen.

## 4-3 Offentlegheit

Ein kommune som legg stor vekt på lokaldemokrati og medverknad må vere open og transparant. Dette er understreka gjennom reglane i kommuneloven om mellom anna opne møte og saksdokument, rett til innsyn frå innbyggjarane og rett til utvida innsyn for folkevalde. I tillegg har offentleglova strenge reglar som skal sikre offentlegheit.

Kommunelova sine reglar gjeld berre for kommunen og ikkje sjølvstendige rettssubjekt.

Offentleglova gjeld for

- a) staten, fylkeskommunane og kommunane,
- b) andre rettssubjekt i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift,
- c) sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet, og
- d) sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet.

Bokstavane c og d gjeld ikkje rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. For verksemder som etter offentleg oppkjøp eller liknande kjem inn under bokstavane c eller d, gjeld lova frå og med fjerde månadsskiftet etter den månaden da vilkåra vart oppfylte.

Saksbehandlingsreglane i kommunelova gjeld som nemnt ikkje for interkommunale selskap eller andre rettssubjekt. Offentleglova opnar for at fleire typar av saker kan haldast utanfor offentlegheit dersom oppgåva blir lagt til anna rettssubjekt enn kommunen. Ved stor bruk av sjølvstendige rettssubjekt kan kommunen vere med på å gjere kommunen sine oppgåver og sin aktivitet mindre open og transperent enn det som er ønskjeleg og viktig med tanke på lokaldemokrati og medverknad.

## 4-4 Kriterier for å vurdere samarbeid

Det interkommunale samarbeidet har både fordelar og ulemper. Samarbeid er positivt mellom anna

- når det er viktig å styrkje regionen som strekkjer seg ut over kommunen sine eigne grenser,
- når oppgåvene ikkje er så omfattande at det blir urasjonelt eller fagleg uforvarsleg å tilby tenesta åleine, og
- når kommunane åleine ikkje har tilstrekkeleg kompetanse og/eller kapasitet til å følgje opp lovpålagte oppgåver og tenester på eit forsvarleg nivå.

Eksempel på ulemper er:

- Demokratisk underskot som følgje av at mange oppgåver blir lagt til sjølvstendige rettssubjekt utanom kommunen (f eks IKS).
- Avtalefesta samarbeid mellom fleire partar, slik som når kvar part pliktar å yte økonomiske driftsmidlar inn i samarbeidet, bind kommuneøkonomien ved at midlane ikkje kan rørast utan semje mellom partane. Ved økonomiske innsparingar vil desse midlane som oftast måtte bli spart og oppgåver som blir utført utan samarbeidsavtale står dermed i fare for å måtte ta børa.
- Samarbeid som blir inngått med fokus på den enkelte oppgåva, svekkjer fleksibiliteten og gjer det vanskeleg å arbeide på tvers av oppgåvene.
- Eit stort omfang av interkommunalt samarbeid gjer at kommunen sitt arbeid blir fragmentert og gir tap at oversikt og høve til samla styring.

I vurderinga av om etablert interkommunalt samarbeid bør halde fram eller om nye skal kome til, bør kommunen drøfte fordelane og ulempene. Relevante spørsmål kan vere:

1. Kva er formålet med samarbeidet?
2. Er kommunen og/eller regionen tent med å delta?
3. Kven bør bli med i samarbeidet?
4. Ved eigarskap:
  - a. Kva er målet med eigarskapet?
  - b. Kva for eigarstrategi skal leggas til grunn?

## 4-5 Sluttord

Endringa i kommunestrukturen fører til konsekvensar for det interkommunale samarbeidet. Fellesnemnda må gjennomføre eit omfattande ryddearbeid for alt det interkommunale samarbeidet dei fem i dag deltek i. Det er også ganske klart at ein stor del av oppgåvene som det blir samarbeidd om no, kan nye Ålesund ta på seg åleine. Ålesund, saman med deltakarkommunane i den nye kommunen, er nemleg allereie i dag anten vertskommune eller er seljar av mesteparten av samarbeida som er nemnt i denne rapporten. Den nye kommunen vil derfor for eigen del ikkje ha behov for å føre vidare alt av dagens samarbeid.

Her er tre sentrale spørsmål som krev svar: Kva er den nye kommunen tent med å samarbeide om? Kva er regionen tent med at nye Ålesund samarbeider med andre om? Kva er nytten av eit gjensidig samarbeid med nabokommunane som har vald å stå åleine?

Den nye situasjonen kan løysast på fleire måtar, slik som:

1. Dei kommunane som går inn i den nye kommunen blir tatt ut av avtalen og erstatta med den nye kommunen. Avtalen blir ført vidare utan andre endringar.
2. Dei kommunane som går inn i den nye kommunen blir tatt ut av avtalen og erstatta med den nye kommunen. Avtalen blir forhandla fram på nytt.
3. Den nye kommunen trekkjer seg frå avtalen.
4. Samarbeidet blir oppløyst.

Der det er etablert selskap eller andre formelle strukturar rundt eit interkommunalt samarbeid bør fellesnemnda vurdere om det er hensiktsmessig å oppretthalde disse strukturane dersom det er få kommunar igjen i samarbeidet. Alternativet kan vere at nye Ålesund kommune kan tilby tenestene til andre kommunar, for eksempel gjennom sal av tenester

## Vedlegg

1. Samla oversikt over interkommunalt samarbeid (excel-dokument)

## Nyttige lenkjer

- [Lov av 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskaper.](#)
- [Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner» \(kommuneloven\), sjå paragrafane 27 – 28, og 28-1a – 28-1k](#)
- [Lov av 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser \(inndelingslova\)](#)
- [Selskaper og kommunereformen. Endringer i kommunestrukturen – konsekvenser for selskaper med kommunalt eierskap, samvirkeforetak og stiftelser](#)

## Sluttkommentar frå arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa vil understreke at de har vore utfordrande å gjennomføre denne kartlegginga. Rapporten kan innehalde feil og manglar på grunn av opplysningar som ikkje er oppdaterte i dei kjeldene vi har brukt. Dersom det blir oppdaga feil så må dette bli rapportert inn til prosjektet ved [tore.hals@alesund.kommune.no](mailto:tore.hals@alesund.kommune.no). Rapporten vil bli oppdatert på bakgrunn av tilbakemeldingar.

Vi takkar for oppdraget og leverer med dette rapporten til styringsgruppa for nye Ålesund kommune.

Ålesund, 2. mai 2017

Hilde Sjørdal

Kristian Skålhamn

Per Langnes

Ronny Frekhaug

Sally R Bergtun

Tore Hals

Anne Berit S Emblem